

Mottatt 8/-80. K.v. Norheim

Til I.K.O.

113539

Eg takkar for brev frå Dylsi, om å skriva ned hendingane etter 1945.
 A skriva om ~~xxx~~ enkeltihendingar er eg ikkje noko interessert i,-
 derfor skriv eg i foredrags-form og kunne godt ha som overskrift:
 "Personlege roymesler i den kristne retts-staten."
 Eg er 57 år gamal og bur f.t. på Skoglineimen Kurstad på verneavdelingen
 som er ein opbevaringsstøns for utbrende alkoholikarar.

Ahr eg skal gjera opp status for dei 35 åra som er gått etter "freden
 bratt ut" so har eg kom til at det hadde vore mykje betre for meg at den
 av Gul insette styrenakrt hadde skote meg med same heller enn å lata meg
 seigspinnast som eit skadeskote dyr i 35 år.
 For etterat den kristne retts-staten vart etablert i dette fædrelandet so
 har eg ikkje hatt ein glad dag.

Det vart elles løyst skot - men det var ~~x~~ varsels-skot då eg skulle
 arresterast, -den 10.mai 1945.
 Det var ein trupp på 6 mann utrusta med maskingever som arresterte meg.
 Og det var troppssjefen Beira som løyste skotet med den fylgle at mine
 mindre system vart ~~x~~-skjende.
 So var dei til Moreleimsund i open varabil, -og det som eg registrerte under
 denne turen var ein "gap" som slo seg på lårna og skratta då me køyrd
 framme han.

Zenne gapen hadde "fraternisert" ikkje so radt lite med tyskarane og
 dette nytte det gjerast opp for.
 Moreleimsund vart ne innkvarterte på Sandven Motel, -der kjende me oss alle
 som personar dei vart gjordt ekstra stas på. Men dette varde ikkje lenge
 for om morgonen etterpå so var det ombord i ei skyte og turen gjekk til
 Odda.
 Der vart ne plasserte i ein bunkers eller eit tilfluktsrom for dei til-
 sette på fabrikken der.

A bunkersen var der jordgolv og nagebenker til å både sitja - og liggja på.
 Eg sov portimot 3 veker på ein slik nagebenk fullt på-kledd og med eit
 metallkjørralb som eg trekte niva mi nedover til sovepute.
 Men eg sov den "gode sunnittignets svvn", -forholda teke i omsyn.
 Maten var for det meste solsild og grovt brød m/ kaffi-erstatning.
 Med maten og meg gjeldt det berre fint, -eg hadde god mathug.
 Men verre var det for dei stakkarane med magesår. Dei hadde store lidningar.

etter 1 mnd. so vart eg utsloppen mot meldeplikt inntil sakkom opp.
 Eg reiste då til Øystese, -der eg var busett.
 Krigslensmannen hadde då teke over att, -og då eg meldte meg for fyrste
 gong so hadde eg glømt ~~xxxxxx~~ kor ofte eg skulle melda meg.
 Det vart då til at eg skulle melda meg for lensmannen 1 gong for dagen, -
 og dette tullet med å melda meg 1.gdagleg heldt eg på med like til sumaren
 1946, -da saka mot meg kom opp, -og eg fekk domen.

Under rettsmøtet so hadde eg neile tiddei kjennsle av at eg skulle domast, -
 og på ingen måte forståast.
 Eg hadde medan eg gjeldt på meldeplikt vore i kontakt med ein som eg var
 saman med ~~x~~ under okkupasjonen, -me hadde akkurat det same på oss, -og han
 hadde fått 6 mnd. Dette visste eg på det tidspunkt då eg vart domd.
 Eg gløymar aldri det sleiske smilet til domaren då han spurde om eg vedtok
 domen. Eg vart dømd til tvangsarbeid i 15 mnd. 2.500,-kroner i inndragning
 + tap av rettar i 10.år. Eg bad om omrømingstid.

~~overdømmen~~
Møter ikke ha fått domen so sette eg meg på ein benk i gangen i rettslokale
Aktør i saka sette seg då ved sida av meg og spurde var for hard eller
~~urenlig~~. urett-vis.

Eg fortalte då aktør om det som eg hadde fått greide på om den andre domen
den på 6 mnd. for same forholdet. Og utfra dette grunnlag so måtte eg
anka derson dette med han som hadde fått ~~xx~~ 6 mnd. var sannt.

Forsvararen kom då til oss,-og det same vart då omsnakka med han.

Men forsvararen min ville rá meg til å vedta elles so trudde han at eg
ville få strengare straff.

He avgjorde då på gangen i felles-skap at eg fekk no gå heim og sova på
det,-og seinare taka avgjerd om eg skulle anka eller ikkje.

Då eg hadde falle litegramm til ro so tok eg avgjerdslsle for at eg ville
kontakte forsvararen min og be han å ~~xxx~~ rökja etter om den andre
domen,-og om det var tilfelle at han kameraten min berre hadde fått
6 mnd. -a so ville eg anka.

-eg ringde då til forsvararen min og ville snakka med han om dette.

-eg folk då dette svar i telefonen at forsvararen hadde reist på ferie
og var ikkje å treffpå 1 mnd. Ankefristen var 14 dg.

etterat eg kom inn før soning i Espeland Fangeleger om hausten 1946 so
fortalte eg mine medfangar om då aktør rådde ~~x~~ meg til å anka for å få
mindre straff medan forsvararen min frå-rådde meg ~~xxxxxx~~ fra dette.
Mine medfangar på "grasrota" såg undrande på meg,-medan dei av mine med-
fangar som sjølv var juristar - storskattar.

Eg vil no skriva om ei hending heime i Øystese før eg var i retten.

Eg hadde vore til Bergen ein tur og kjøpt heim med meg noko brennevin,-
som eg og nokre andre ungdomar (dei var "gode") forterte i stova heime he
meg.

Me vart alle rusa,-og so fann "kameratane" mine på at me skulle gå i
Ungdomshuset der det var dans.

-eg nugsur ingenting etterpå før eg valka på sofaen i stova heime. Og mor
sat i stova og las i ei bok om ~~xxxxxx~~ morgonen.

Eg spurte kva som hadde skjedd,-og mor sa at om eg ikkje visste det,-ja so
visste no ikkje no om det.

Det var politiet som hadde kome heim med meg og dei sa at dei hadde funne
meg drikken på ein bilskjerm ved ungdomshuset.

Deltor nuelle vorte menta,-og eg hadde vorte pumpa,-men doktaren såg med
ein øye at det var ikkje på grunn av kvantomet eg hadde fortert at til-
~~xxxxxx~~ standen var slik det hadde nok andre årsaker.

Selvare kom det opp ~~xxxxx~~ at det var nokre av "dei gode" som hadde teke
meg under håndsaming og sett snørelykja rundt meg og heist meg halv-vege
opp i flaggstanga ved ungdomshuset. Det var forklaringa på at eg hadde
puste-vanskar.

I Espelands Fangeleger der eg skulle sona var der godt å vera.

-forholdet oss fangane imellom var det aller beste heile tida.

Eg såg på opphaldet i Espeland Fangeleger som som ein ypparleg "bekjendt-

Rett nok såg eg fram til fridomen,-men eg grua meg til miljø-skifftet..
og denne gruvinga var sovisst ikkje ugrunna.

På fallrepet før eg skulle ut,-~~xx~~ ~~xxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxx~~
so måtte eg innom fengsels-direktøren sit kontor for å få siste ord med meg
på vegen ut.

Fallen var velforma og vel forberedt,-men det interesserte so følante lite
det han sa at eg fann å måtta avryta han.

Det som eg var interessert i å få vita var om eg hadde det same retts-vern
som kven-som-heldst annan borgar av samfunnet??

Til det svara fengselsdirektøren at eg hadde same rettsvern.

Deretter bur det ut i "fridomen".

Men den kjennsla av fridom som eg hadde i Espeland Fangeleger har eg aldri
kjent meir,-konkje før eller seinare.

Sjølv om i Espeland Fangeleger kjem eg til å minnast lengre.
Nei

111.

... og holdt lov til å takke imot litegrann jølesnadder av våre på-rørande, -og det var me glade for. Men litt ost som ingen kjendest ved fekk meg og jeg spurte kvar denneosten kom frå, -og fekk greide på at det var aksjeheldar og Raude krossmannen Anthon Berge som hadde set seg råd til å gjøye litt ost i jolegåver til alle Bispelandsfangane.

ein tang som eg undrast på var korleis kyrkja stillte seg til framferda til "denne av Gud insette" styremakt. ~~innbylla~~ Ungdomstenesta som styremakten under krigen vart det protestert mot, -mer lands-svikoppgjerdet etter krigen vart det ikkje protestert mot frå den same kyrkja, -og lands-svik oppgjerdet var då mykje hardare enn ~~xxx~~ ungdomstenesta. Biskop Berggravs Folkedommen over N.S. ~~xxx~~ var nok også med på skapa kyrkja sin holdning til rettsoppgjerdet. Då rettsoppgjerdet var i samsvar med sovel Bibelen si lære som Vårherres vilje. Men eg var overtydd om at rettsoppgjerdet ingenting hadde med sann kristedom å gjera, -so etter soning so sende eg eit takkebrev til Anthon Berge der eg talkta for jole-gåva og eit brev til presten der eg melde meg ut av kyrkja.

I samband med sak mot meg so må det nemnast at der mellom saksdokumenta var der eit skriv frå heimefrontleidinga i Kvam utan personleg underskrift. Detta skriftet vart av retten godteke som rettskraftig dokument. Eg visste nok at eit dokument utan personleg underskrift ikkje kunne godkjennast som rettsgyldig men eg let vera med å segja frå til retten. Eg let vera å segja noko om dette so kjem det seg ~~xxx~~ av at folk burde ha vore jamra seg over at retten vart "trakta" på. So var det dei "gode" som hadde makta. Eg ville sjå korleis dei heldt seg til lov og rett. ~~xxx~~ Og det fekk eg sjå, -tilgagu.

Bortsett frå nokre spede enkeltmanns-røyster, -so heldt kyrkja seg tegjande til det som skjedde, -like til det vart vedteke at Tysklandssoldatane skulle få gratis gummiartiklar men då protesterte kyrkja. Men då var kyrkja tannlaus, -og har vore det seinare. Biskop Berggrav trakta kyrkja sine tenner med den ukristelege boka si.

Eg er rikt utrusta med evner og interesse ~~xxx~~ for musikk. Eg var heldig og ~~xxx~~ fekk læra å spela piano alt i mine smågut-dagar, - og i mine oppvekstår so spela eg til møte og ved andre festlege høve. Straks eg var voksen so kjøpte eg trekkspel og lærde meg sjølv opp til å spela på dette instrumentet, -og eg var mykje bruk til å spela til dans, - bryllupe og fest.

For å døvana dei ~~xxx~~ bitre minnen som eg drog med meg etter det som hadde hende meg i det "frie" Norge so brukta eg alkohol.

Eg settet meg på "skulebenken" att hausten 1949, -for då å læra meg orgelspel. Varen 1950 so var eg heim ein tur, -og etter denne heimturen so bar det opp i lifting til jol same år.

På grunn av den folkekloving som krigen og okkupasjonen førde med seg, -so vart det skapt ein avgrunn i folket etter krigen. Og medan eg stod på den eine siden av avgrunnen, -og ho på den andre so gjekk det heile overstyr og me vart separert våren 1954. Under rettsmøtet i samband med separasjons-saka so nytte hennar advokat trekkja fram at eg hadde vore dømd for lands-svik i den hensikt at retten skulle få meg i vangstrupen, -tiltross for at eg hadde gjøye opp karrieren til fordøl for familie-livet. For meg vart då livet vanskelegare og verre, -so for i det heile å ha litegrann glede ved å leve, -so var alkoholen den einaste og beste medisin.

IV.

Eg kunne ha vorten redda av ei annan kvinne,-men då ho omveges hadde fåt vitja at eg var ein av desse "forferdelege nazistane", so var ho so klok at ho forstod at eg p.gr.a. dette so hadde eg ikkje ein einaste sjangse her i dette "fædrelandet".

Eg for og flakka frå den eine jobben til den andre i eindel år. Eg fekk ikkje fred på meg p.gr.a. at eg ikkje nyttig-gjorde meg mine evner i musikken. Ja det var,-og vart ei lidting..Og no var eg komen so langt opp i dra so eg tykte eg måtte ha eitkvart fast å stå på. Henne som eg var skild frå hadde funne seg ein ny mann og ein ny heim f borna våre.

So bar det til at eg møtte ein organist som eg spela for,-og han sa at eg måtte berre setja meg på skulebenken att for å få organist-utdanning. Han sa at eg ville klara utdanninga på 1 år.

Amen eg gjorde ingenting med dette då.

Li tid seinare møtte eg ei kvinne som studera psykologi,-og til henne sa også det som organisten hadde sagt om utdanning. Og det er i grunnen henne eg har å takta for at eg sette meg på skulebenken 1959 for å ta organistutdanning i ein alder av 36 år.

Livet som ruisik-studerande var for meg himmelsk,-samanlikna med det som hadde vore før.

Eg kom til å tenkja på alle år som hadde gått tidlegare,-og som berre var velksonla til ingen nytte. Der var heller ingen ballanse mellom det å ~~forsøke~~ musikken,-og det å få forståelsen onsett i fingrar og føster.. Av dei som eg studerte musikk i-lag med,-so vart eg opptil-sedd og godkjend elles og..Det var berre kvifor eg ikkje hadde gått på konservatoriet før..- Dei skulle berre ha visst...

Utenfor meg sjølv med so mange slags tankar i denne tida..Og då eg helle littje fjorde noko særleg framgang,-so sokte eg hjelp hos psykiater..-og han fikk eg noko ~~medisin~~ medisin,-og alt heldt fram som før..

Våren 1962 so reiste eg heimatt til Øystese fra Oslo,-då eg ikkje kom vidare,-og hadde heller ikkje råd til å gå vidare. Ut på seinsumaren s.å. so kontakta eg lekjar p.gr.a. nervene,-og fekk då kom inn på psychiatrisk sjukhus der eg var 13 viker og seinare til kontroll.

Då eg hadde gitt til kontroll for nervene bortimot 1 år so vart eg tilridd i svikja om uføre-trygd..Og som eg fekk kort tid etter at søknaden var skriven. Uførhetsgraden var då sett til 65%

Dette var sumaren 1963.

Jansten 1963 gjekk eg innatt i kyrkja..

Eg skulle so likevel verta organist,-og som medlem av Den Norske Kyrkja so rekna eg med å få stilling etter endt utdanning.

Sumaren 1963 vart eg konstituert so organist ved Øystese kyrkje.

Eg rekna då med at det var so lenge sidan der var okkupasjons-og etterkrigstilstander,-so eg trudde denslags var oppbrukt,-men nei.

8.mai 1965 so var det festgudsteneste ved Øystese kyrkje,-og fylgjande vart utslengt frå preikestolen av fung: prest:" På ein dag som denne so må me koma ihug dei som svikta eller sveik..-Dei har synda grovelegt,-men me må vera viljuge til å tilgjeva dei,-dersom dei bed audmjukt om det."

Eg tenkte med meg:" Det får no vera måte på det til undertrykking og,-

Fyrst so har me vorte dømde etter ulovlege lover,-og ein ulovleg rettsbøring,-og deretter so skal me gå og be om forlatelse for at me er til Var der einkvan som snakta om Spania og Portugal? Eller "jarnteppelanda"

Allerholdst so ville eg berre lagt loket på orgellet og gått min veg..-Men so tenkte eg med meg at: Lat no i det mindste eg syna folkeskikk,

dertil so bur eg no betaling for jobben.

Middegare so var det ei oppleveling å spela til salme-sangen..Men etter hin "festgudsteneste" so gjekk eg til jobben med den største motvilje.

Eg og leita etter grunn for å segja opp.

Seintre so kom grunnen av seg sjølv på denne måten at kyrkje-tenaren fekk meir enn dobbelt so mykje løn som eg hadde.

Eg si då opp og oppgav lønsforholda som oppsegjings-grunn.

Seinare har eg levt av uføre-trygda mi,-og gjeve litt undervisning i orgæl- og plannespel ved sida av trygda.

Etter siste melding frå Rikstrygdeverket so er uførhetsgraden sett til 100 alkoholforbruket hadde eg fullt herredømme over fram til 1975,-då tok eg til å overdriva.

50 års årsmålsdagen min 1973 hadde eg hos slektingar og vene i U.S.A.

Same året døydde mor,-og etterlet seg eit sårt sakn..

Men framleis so skulle eg mobbast p.gr.a. "Lands-sviket".

Då eg 4.sept 1978 sat på hotellet i Øystese og kosa meg med eit glas øl,- so sat der ogso ~~xxxxxx~~ ein av "dei gode" ved eit anna bord - i same erind..

Då han ser meg so sa han: "Dei får gå lause framleis nazistane". Dei skulle vore på Bjørnøya dette forbannade pakket". Eg gjekk då ut,-og i det same ei gár so slengjer han etter meg: "Din forbannade nazi-jævel".

Eg har vore meir eller mindre på institusjon sidan 1976.

Eg kjenner dët å vera på institusjon for alkoholisme som eit "havari" i mir "livs seiles". Eg ser på desse institusjonar som lappverk på eit sjukt ~~x~~ samfunn..

Ein fin gammal smulemeister sa eingong dette til meg: "Tenkjer du neko på det evige livet?"

Eg kunne ikkje svara han ~~xxxxxxxxx~~ annanleis enn eg gjorde:

"Eg orkar ikkje tanken på, - ja ein slik tanke førekjem meg som ei ~~x~~ uhyrelegheit."

Eg orka ikkje tanken på eit evig liv.. Eg tykkjer desse åra som eg har hatt hier på jorda får vera meir enn nok.

Mindste stunder eg gled meg ved livet,-det er når eg nyt alkohol..

Då har desse vondre minna forlate meg,-solenge rusen varer..

Allles so trøystar eg meg med at denne tida på jorda ikkje varer evig.

Og kyrkjja og den ifylgsje kyrkjja si lære " den av Gud insette styremakt " blir ikke sin handlemate overfor meg skapt ein tilstand som gjer at eg ~~xxxx~~

eg ikkje sor ned redscol fram til avferdsdagen,-men tvertimot ser fram til denne dagen med frimod og fred.

Det er ingenting som bind meg til dette jordelivet meir.

Eg har ingenting å leva på,-heller ingenting å leva for og berre ein ~~x~~ mindstepensjon å leva av.

Ned vilje so har eg late vore å nemna namn i dette her ~~xxxxxx~~ nedskrivne. Då vil dette smaka som ein hemn,-og dette har dei ikkje klara å læra meg i dette "frie" demokratiet.

Eg føretrekker sjølv å lida urett framfor å sva urett mot andre.

Og eg sluttar av med det som står å lesa i " Håvamål": Den som vil hemna all sin harm,-gjerer seg sjølv - vesal og arm."

Skogliheimen, 6. januar 1981.

K. Norheim

Kristoffer Norheim,
Postboks 100
5307 Ask.